



Elev på veg heim med fare for beinbrot: Nikolai Vågen frå Skorpo. Strandvegen er ei samanhengande skeisebane

**Øystein Sunde syng om det året som var så bratt.  
I Uskedalen kjem vi til å syngja om dagen det var så glatt.  
Det var 5. februar 2013.**

**Førebels har det ikkje kome meldingar om beinbrot eller kollisjonar i bygda vår men vegar og stigar er betre eigna til skeisebruk enn til biltransport eller vanleg fottøy. Dei som er engasjert til strøing ved slike høve har vore i aktivitet sidan tidleg på morgonkvisten men dei klarer ikkje å rekka over alt.**

Men dei skal rosast for god strøing tildømes på Geilo, ned til Sandakaien og ned til Oppvekstsenteret. Men det er nok av skeisebanar framleis og ein av dei er Strandvegen. Den er ein samanhengande skeisebane og ferdsel med vanleg fottøy bør ingen ta sjansen på der.

-Einaste løysinga er brodder og at ein går over bakkane, seier Tordis Myklebust som i tillegg har sikra seg med stavar.

Også plassen mellom Gamleskulen og Grano er glattare enn Bislet i gamle dagar og det hadde konsekvenser for besøket på Tlaren. Likevel var 41 vaksne, 7 born og 2 babyar registrert

då denne tysdagsopninga var over og det var imponerende under dei aktuelle tilhøva.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen